

## Til fylkestinget

Eg viser til handsaming av denne saka i fylkestinget 8.oktober d.å.

Vedlagt er ei rettleiing for utfylling av reiserekning når det gjeld dokumentasjon av formål og godkjenning (jf. punkt 3a og 3b i vedtaket).

Denne e-posten går til representantane i fylkestinget. Tilsvarende rettleiing er lagt ut på intranettet for alle tilsette (jf. punkt 4 i vedtaket)

Med helsing

Paal Fosdal

ass.fylkesrådmann, fylkesrådmannen - stab

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Paal.Fosdal@sfj.no](mailto:Paal.Fosdal@sfj.no)

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 90639859

## Hugs å leggje ved dokumentasjon når du sender inn reiserekning

Fylkestinget vedtok i oktober (sak 37/19) å krevje at både tilsette og folkevalde legg ved dokumentasjon av reise. Dokumentasjon kan vere program, invitasjon eller andre forklarande dokument.

Dokumenta skal lastast opp via opplastingsfunksjonen «Generelle dokument» i det første skjermbiletet i reiserekningssystemet:

The screenshot shows the 'Visma.net Expense' interface. At the top, there are navigation tabs: 'Oversikt', 'Eksterne tjenester', and 'Rapporter'. The main section is titled 'Generell informasjon'. It contains a text input field for '\* Beskrivelse av reiseregning'. To the right of this field is a section labeled 'Generelle dokumenter' with a 'Legg ved fil' button, which is circled in red. Below this are several dropdown menus for 'Stilling' (1 - Seniorrådgjevar), 'Organisasjonsenhet' (Informasjon), 'Ansvar' (120 - FYLKESRÅDMA...), 'Funksjon' (42001 - Drift av av...), 'Prosjekt' (Søk), and 'Fri' (Søk). There is also a 'Prosent' field set to 100,00%. At the bottom right, there are 'Lagre' and 'Avbryt' buttons. A navigation bar at the very bottom shows icons for 'Reise', 'Diett', 'Kjørebok', 'Utlegg', and 'Sammendrag'.

### Eventuell godkjenning

Eventuell godkjenning og kven som har gitt denne skal gå fram som skriftleg kommentar frå den som krev refusjon i sluttskjermbiletet.

The screenshot shows the expense summary screen for the dates 11 - 12 oktober. It displays details for the trip, including 'Stilling' (1 - Seniorrådgjevar), 'Organisasjonsenhet' (Informasjon), 'Ansvar' (120 - FYLKESRÅDMANNSSABENgar/stab), 'Funksjon' (42001 - Drift av av...), 'Prosjekt' (Ikke valgt), 'Fri' (Ikke valgt), and 'Prosent' (100%). Below this is a navigation bar with icons for 'Reise', 'Diett', 'Kjørebok', 'Utlegg', and 'Sammendrag'. The 'Sammendrag' section is active and shows two tables: 'Diettgodtgjørelse' and 'Kjøregodtgjørelse'. The 'Diettgodtgjørelse' table has one row: '1 x Hotell, innland' for 780,00, with a total of 780,00 NOK. The 'Kjøregodtgjørelse' table has one row: '11.10 2km x Bil' for 8,06, with a total of 8,06 NOK. At the bottom, there is a 'Kommentar' section with a text input field, which is circled in red.

### Dokumentasjon av ferjeutlegg

Fylkestinget stilte også spørsmål om dokumentasjon av ferjeutlegg når ein har verdikort eller autopass. Fylkesrådmannen vil i samband med dette spørsmålet presisere følgjande:

Bilag er ikkje eit lovkrav ved refusjon av småutgifter. Fylkeskommunen ber likevel om bilag ved refusjon av alle utgifter for at fylkeskommunen skal kunne krevje kompensasjon for betalt meirverdiavgift.

Det er difor naudsynt med dokumentasjon også på ferjeutlegg. Dersom du har verdikort/autopass og difor ikkje får kvittering, kan du hente ut PDF som syner beløp og mva. ved å logge inn på [minside på autopassferje.no](https://minside.paaautopassferje.no).

### **Heile vedtaket frå fylkestinget**

1. Fylkestinget tek rapport etter kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av formål med, og førehandsgodkjenning av reiser får fokus ved utarbeiding av rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen
3. **Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at:**
  - a. **Program, invitasjon og andre forklarande dokument skal leggjast ved under opplastingsfunksjonen «Generelle dokument» i startskjermBILETET i reiserekningssystemet (første skjermBILETE)**
  - b. **Eventuell godkjenning og kven som har gitt denne skal gå fram som skriftleg kommentar frå den som krev refusjon i sluttskjermBILETET**
4. Tiltaka 3a og 3b vert innført og presisert for alle brukarar av reiserekningssystemet i dagens fylkeskommune